**Vestlandsforsking**
Boks 163, 6851 Sogndal
Tlf. 57 67 61 50
Internett: www.vestforsk.no

**VF-notat 2/2006**

# Minipubliseringsløysing

## ”Enkel løysing for å sikra at alle kan presentera seg på nett”

**Terje Aaberge**

# VF Notat

<table>
<tr><td rowspan="3">Notat tittel<br>Minipubliseringsløysing .<br>”Enkel løysing for å sikra at alle kan presentera seg på nett”</td><td>Notatnr.<br>2/2006</td></tr>
<tr><td>Dato<br>02.02.2006</td></tr>
<tr><td>Gradering<br>Lukka</td></tr>
<tr><td rowspan="2">Prosjekttittel<br><br>BIT Reiseliv Sogn<br>IKT-innovasjon Reiseliv Sogn</td><td>Tal sider<br>30</td></tr>
<tr><td>Prosjektnr</td></tr>
<tr><td>Forskarar<br>Terje Aaberge</td><td>Prosjektansvarleg<br>Ivar Petter Grøtte</td></tr>
<tr><td>Oppdragsgjevar<br>Hotellgruppa i Sogn</td><td>Emneord<br>vevteneste,<br>publiseringssystem</td></tr>
<tr><td colspan="2">Samandrag<br>Dette notatet gir ein omtale av eit enkelt publiseringssystem som gir reiselivsbedriftene i Sogn og Fjordane ein enkel og billeg måte å presentera seg på nett.</td></tr>
<tr><td colspan="2">Andre publikasjonar frå prosjektet<br>VF-rapport 14/2003: Hotellgruppa i Sogn på Internett – kartlegging av status og behov<br>VF-rapport 1/2004: BIT Reiseliv Nett-test – Kvalitetsindikatorar for reiselivsbaserte nett-tjenester<br>VF-notat 15/2004: Kva meiner turistane? - Brukarundersøking av Sognefjord.no<br>VF-notat 16/2004: Å gjere Sognefjorden synleg på Internett- resultat 2004<br>VF-notat 17/2004: Lego for reiselivet i Sogn? – arkitektur og publisering på Internett<br>VF-notat 18/2004: Årsrapport 2003/2004<br>VF-notat 8/2005: Kva meiner turistane om kart og booking? Brukarundersøking 2005 for sognefjord.no<br>VF-notat 9/2005: Synleggjering av Sognefjorden<br>VF-notat 10/2005: Brukarundersøkingar av Sognefjord.no<br>VF-notat 17/2005: Å gjere Sognefjorden synleg på Internett. Oppsummering<br>VF-notat 3/06: Felles presentasjon av reiselivsproduktet Indre og Midtre Sogn</td></tr>
<tr><td>ISBN nr<br>ISSN: 0804-8835</td><td>Pris</td></tr>
</table>

# Innleiing

Internett har på få år vorte ein viktig kommunikasjonskanal. Det er også ein svært viktig marknadsplass alle verksemder som vender seg til eit større publikum må forholda seg til. Det gjeld ikkje minst for bedrifter som vender seg til eit internasjonalt publikum. Dei fleste reiselivsverksemdene har oppdaga dette, og mange har då også fått laga eigne vevtenester som presenterer tilboda deira. Det same har turist-informasjonane. Dei har kvar for seg etablert vevtenester som presenterer regionen dei tilhøyrer med hovudvekt på eige lokalområde. Til saman gir dette ofte ein inkoherent og mangelfull presentasjon av regionen det gjeld. Dette var også tilfelle for Indre Sogn. For å bøta på det vart det etablert eit prosjekt, sognefjord.no. Målet for prosjektet var å utvikla ein strategi for utvikling av ein komplett og korrekt presentasjon av Indre Sogn som turistmål, og å gjennomføra strategien. Denne strategien og verktøya som vart utvikla for å støtta den kan også ha interesse for andre regionar.

Strategien er basert på at det er tre slags informasjonsbehov som skal stettast

- informasjonen potensielle turistar treng når dei sit heime og vurderer reisemål og som gjer at dei vel eit mål framfor eit anna
- informasjonen dei treng for å planlegge turen og eventuelt gjera reservasjonar
- informasjonen dei treng når dei er på plassen og skal informera seg om diverse tilbod

Desse informasjonsbehova kan stettast ved hjelp av

- ein portal
- dei lokale turistkontora sine vevtenester
- reiselivsaktørane sine vevtenester

der

- portalen presenterer attraksjonar av internasjonal interesse, samt har korte presentasjonar av regionane og reiselivsaktørane med lenker til deira vevtenester
- vevtenestene til turistkontora presenterer attraksjonar av meir lokal interesse og reiselivsaktørane innafor sitt område
- vevtenestene til reiselivsaktørane presenterer deira eige tilbod

Kart er ein viktig komponent i alle desse vevtenestene.

For at ein slik desentraliserte presentasjonen skal hengja saman og ha tilstrekkeleg kvalitet trengs gjensidig lenking og at dei individuelle vevtenestene tilfredsstiller visse minimumskrav til felles layout og til innhald.

For å nå dette målet vart det utvikla

- eit evalueringssystem for vevtenestene til turistbedrifter
- ein medlemsdatabase med registrerings- og publiseringssystem
- eit publiseringssystem
- ein strategi for bruk av kart som ein integrert del av presentasjonen

Medlemsdatabasen har tre avdelingar, for

- registrering av bedrifter
- bedriftsinformasjon
- supplerande bedriftsinformasjon

Berre reiselivslaga har tilgang til registreringsavdelinga. Dei registrer namn, adresse, telefonnummer, faksnummer, kartposisjonering osv., og dei kategoriserer bedrifta etter kva tenester den tilbyr. I tillegg deler dei ut brukarid og passord til medlemsbedriftene. Denne delen av systemet kan brukast som medlemsdatabase for reiselivslaga.

I avdelinga for bedriftsinformasjon kan verksemdene leggja inn eit bilete og dei kan legge inn tekstar på ingressform i tekstboksar under tematiske titlar som svarar til korleis dei er kategoriserte. Registreringsdata blir vist, men utan at dei kan endrast av bedrifta. Basisinformasjonen registrert av turistkontora og bedriftsinformasjonen blir vist i sognefjord.no.

I avdelinga supplerande bedriftsinformasjon kan kvar av ingressane i bedriftsinformasjonen supplerast med bilete og hovudtekst og dermed utgjera ei side i ei vevteneste. For nokre tematiske område kan det leggjast til undersider. Verksemdene som ynskjer å laga eiga vevteneste på denne måten får utdelt ein mal for vising av innhaldet. Denne kan leggjast inn under eiga adresse hjå leverandørar som tilbyr denne tenesta, kravet er at servaren må støtta xml. Menyen i vevtenesta er bestemt av korleis bedrifta er kategorisert. Det einaste designelementet som trengst er ein topp, men det kan leggjast på ein meir utførleg design.

Det er lagt vekt på at systemet skal ha ein låg brukarterskel. Det vil gjera at sjølv brukarar som berre sjeldan skal oppdatera informasjon, vil kunne gjera dette utan problem. Det er også lagt opp til at kostnaden ved å etablera ei eiga vevteneste i dette systemet skal vera minimal.

Publiseringssystema skil mellom lagring av informasjon og presentasjon. All informasjon, tekst og bilete, er lagra i ein eller fleire databasar. Den blir overført til vevtenestene ved hjelp av xml eller web service. Informasjonen kan derfor brukast i fleire vevtenester. Det reduserer behovet for oppdatering til ein plass.

# Registrerings- og publiseringssystem
## Administrator/reiselivslag

### 1. Innleiing
Sognefjord.no stiller til rådvelde eit system for registrering, lagring og publisering av informasjon for reiselivsaktørane i Indre Sogn. Dataregistreringa blir gjort gjennom ein spesielt definert felles mal. Informasjonen blir lagra i databasen til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fylkesarkivet har inngått avtale med reiselivsnæringa om registrering og kvalitetssikring av basisinformasjonen (namn, adresse, kontaktinformasjon og kategorisering). Verksemdene er sjølve ansvarlege for detaljinformasjonen. Denne kan vera kortfatta og for visning i sognefjord.no og andre portalar, eller den kan vera meir omfattande og utgjera innhaldet i ei vevteneste for verksemda.

Dataregistreringa blir styrt gjennom tre ”roller” som tilsvarer tre tilgangsnivå til databasen:
- Administrator
- Redaktør (reiselivslag)
- Brukar (verksemder)

Administrator er nivået med flest rettar. Administrator har høve til å endre all informasjon, og gi tilgang til redaktør ved å tildele brukarid og passord.

Redaktøren, dvs eit reiselivslag, vil ha redaktøransvaret for reiselivsverksemdene i sitt område. Han har ansvaret for oppdatering av basisinformasjon om verksemdene i sitt område og han styrer tilgangen for brukarane, dvs verksemdene som er medlemmer i reiselivslaget, ved å tildele brukarid og passord,

Brukarane får berre høve til å endra eigen detaljinformasjon.

I prosjektperioden administrerer Vestlandsforsking systemet og gir brukaridentitet og passord til redaktørar og verksemder. Ved overgang til varig drift blir dette samordna med driftsorganisasjonen.

Meininga er at systemet skal vera mest muleg sjølvforklarande for brukarane. Dei fleste vil likevel møte eit eller anna hinder i bruken av systemet. Denne manualen er tenkt å skulle kunne hjelpa til med å forsera slike hinder. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar og kritikk som kan gjera systemet og/eller manualen meir brukarvennleg.

Manualen er delt i fem kapittel:
1. Innleiing
2. Innlogging
3. Registrering av verksemder: Reiselivslaga
4. Tildeling/endring av Brukarid og Passord: Reiselivslaga
5. Innføring av detaljinformasjon: Verksemder og reiselivslag

# 2. Innlogging

Registrering og innføring av detaljinformasjon skjer via eit skjema på Veven. Opne ein vevlesar (helst Explorer) og legg inn adressa http://www.sognefjord.no/registrering. Du får då opp innloggingsboksen:




Legg inn tildelt brukarid og passord og trykk på Logg inn! Du får då opp følgjande skjermbilete:



# 3. Registrering av verksemder

Vel Admin! Du får då opp dette skjermbiletet:




Viss du skal endre på basisopplysningar, skriv inn namnet (eller deler av namnet) på verksemda i søkefeltet og trykk på Søk! Du får då opp ei linje med namnet på verksemda. Klikk på blyanten til høgre.

Viss du skal registrere ny verksemd, trykk på ⊕!

I begge tilfelle får du opp skjermbiletet med skjemaet (her utfylt):




Fyll ut felta

- Namn
- Eigar (eventuelt med mellomrom)
- Adresse
- Korrekt postnummer blir registrert ved hjelp av følgjande boks (klikk på forstørringsglas):




Skriv deretter inn kommunenamn og trykk på Søk! Du får då opp ei liste over postnummera i kommunen kopla til poststad. Vel det rette! Trykk ein gong til på forstørringsglaset for å lukka boksen!

- Medlem (kryss av i rett boks)
- Status: Viss innlagt informasjon om verksemda skal visast ute (for eksempel i sognefjord.no), vel Open, viss ikkje vel lukka.
- Kategorisering: Vel kategoriar i samsvar med tenestetilbodet til verksemda og etter følgjande definisjonar:

***Overnatting***

Hytte:
Pensjonat:
Feriehus:
Camping:
Fjellstove:
Hotell:
Bed & Breakfast:
Vandrarheim:
Gard:

***Servering***

Restaurant:
Kafe:
Pub:
Gatekjøkken:

**Sal**

Gardsmat:
Butikk:
Kiosk:

***Aktivitet***

Fjordcruise:
Utleige:
Galleri:

Turguidar:
Skisenter:

**Attraksjon**
Museum:
Opplevingssenter:

- Telefonnummer: Ved innføring av telefonnummer, merk at telefonnummer har 8 siffer. Dei skal førast inn utan mellomrom.

- Fakta: Det er ikkje naudsynt å skrive noko i faktaboksen. Innhaldet i denne blir for tida ikkje brukt. Merk også at språkval (oppe til høgre) berre gjeld dette feltet.

- Kartfesting: Posisjonen til verksemda kan kartfestast ved å klikke i eit kart. Du får fram kartet ved å klikke på symbolet↑?. Du kan zoome inn i kartet ved å klikke på zoomknappen.

Når du har fylt ut skjemaet, hugs å klikke på Lagre! Viss alt er korrekt (!) utfylt vil ei grøn linje koma fram etter lagring. Viss linja er raud må du gjera endringar der den peikar.

Registreringa er ferdig. Lukk skjemaet ved å klikke på ×'en i øvre hjørna til høgre.

## 4. Tildeling/endring av Brukarid og Passord

Vel <u>Brukarar</u> i menyen! Du får då opp følgjande skjermbilete:




Registrering: Viss du skal registrere Brukarid og Passord for første gong, gå til slutten av lista over verksemder og klikk på ⊕. Du får då opp følgjande skjermbilete:




Fyll ut felta for Brukarid og Passord og vel verksemd ved å trykke på det tome feltet merka Verksemd. Trykk på forbokstaven til verksemda til namnet kjem fram. Hugs å lagre!

Endringar: Viss du skal gjere endringar i ein brukarid eller passored som alt er registrert, trykk på <u>F</u> medan du held nede contrl-knappen. Du får då opp eit søkefelt. Skriv inn starten på namnet på verksemda og klikk på Søk! Klikk på blyanten til høgre for namnet til verksemda! Du får då opp skjemaet. Gjer endringane og trykk på Lagre!

# 5. Innføring av detaljinformasjon

Redaktørar må først velja verksemd. Det gjer dei via val i Admin. Finn fram verksemda ved søk eller vel i alfabetet og klikk på namnet. Du kjem då inn på skjemaet:




Her kan det også basisinformasjon endrast.

Boksane for innlegging av informasjon i skjemaet er bestemt av kategoriseringa. Denne er gjort ved registrering av verksemda.

Tekst: Skriv eller lim inn informasjon som tekst i boksane. Den skal vera på ingressform, kortare enn 160 ord. For å fjerna unødvendig formatering som følgjer med koperinga av ein tekst frå eit Word eller web dokument, lim det inn først etter å ha valt Kilde i verktøylinja over tekstboksen. Teksten kan deretter formaterast ved hjelp av verktøya i tekstboksen. Forskjellige språkversjonar kan leggjast inn ved at ein først vel språket i språkmenyen øvst til høgre.

Bilde: For innlegging av bilde vel Browse! Du får då opp dialogboksen.




Viss du har bileta liggande i mappa Mine bilder kan du velja bilete her og trykke Åpne, eller bla deg til mappa som har bilete og velja det derifrå.

**Visning**

I visninga på sognefjord.no blir overnattingsbedriftene først vist fram i ei opplisting:




Når ein vel verksemd får ein opp detajlinformasjon


Sognefjord.no | Accommodation - Microsoft Internet Explorer fra Internett Xpress go!

Fil Rediger Vis Favoritter Verktøy Hjelp

Adresse http://sognefjord.no/sfISAPI_show704/accommodation_ny.asp Gå til

Google Search Web 129 blocked AutoFill Options

Luster
Sogndal
Balestrand
Leikanger
Årdal
Vik
Lærdal
Aurland
Goto larger map

About | Brochure | Tourist Offices | Links | Site Map | Contact

English Norsk

sognefjord.no

- Attractions
- Activities
- **Accommodation**
- Where to Eat
- Transport
- Climate
- Map
- Photo Album
- Destinations

Search

## Amble gaard

Amble gård has hectars cultivable land,1200 hectars forest and 1000 hectars mountains. Our agricultural productions are at the moment ecological hey and apples.

**Homepage:** Amble gaard

**Accommodation**
You can choose between 5 different, but traditional houses/ cottages on our farm, which all lay fr-frely in the nature, without near neigbours. There is beautiful view from all of them to the Sognefjord, glacier and mountains The houses are all restored during the last years. They are comfortably furnished with a mix of nb-nowegian farmantiques and new furnitures. The houses have beds for 4 - 12 persons.

**Activity**
There are boats laying by the Sognefjord, which you can use for fr-fre. You only pay for petrol. On the estate there are lakes, where you can catch trout. As our guest you do not have to pay fishing license. By one of the lakes it the old mountain farm, which is at your disposal.

Amble gaard, 6854 Kaupanger | Phone 57678170

Fullført Internett

# Verksemd

## 1. Innleiing

Sognefjord.no stiller til rådvelde eit system for registrering, lagring og publisering av informasjon for reiselivsaktørane i Indre Sogn. Dataregistreringa blir gjort gjennom ein spesielt definert felles mal. Informasjonen blir lagra i databasen til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fylkesarkivet har inngått avtale med reiselivsnæringa om registrering og kvalitetssikring av basisinformasjonen (namn, adresse, kontaktinformasjon og kategorisering). Verksemdene er sjølve ansvarlege for detaljinformasjonen. Denne kan vera kortfatta og for visning i sognefjord.no og andre portalar, eller den kan vera meir omfattande og utgjera innhaldet i ei vevteneste for verksemda.

Dataregistreringa blir styrt gjennom tre ”roller” som tilsvarer tre tilgangsnivå til databasen:

- Administrator
- Redaktør (reiselivslag)
- Brukar (verksemder)

Administrator er nivået med flest rettar. Administrator har høve til å endre all informasjon, og gi tilgang til redaktør ved å tildele brukarid og passord.

Redaktøren, dvs eit reiselivslag, vil ha redaktøransvaret for reiselivsverksemdene i sitt område. Han har ansvaret for oppdateringa av basisinformasjon om verksemdene i sitt område og han styrer tilgangen for brukarane, dvs verksemdene som er medlemmer i reiselivslaget, ved å tildele brukarid og passord,

Brukarane får berre høve til å endra eigen detaljinformasjon.

I prosjektperioden administrerer Vestlandsforsking systemet og gir brukaridentitet og passord til redaktørar og verksemder. Ved overgang til varig drift blir dette samordna med driftsorganisasjonen.

Meininga er at systemet skal vera mest muleg sjølvforklarande for brukarane. Dei fleste vil likevel møte eit eller anna hinder i bruken av systemet. Denne manualen er tenkt å skulle kunne hjelpa til med å forsera slike hinder. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar og kritikk som kan gjera systemet og/eller manualen meir brukarvennleg.

Manualen er delt i fire kapittel:

6. Innleiing
7. Innlogging
8. Innføring av detaljinformasjon
9. Eiga vevteneste
10. Kategorisering

# 2. Innlogging

Registrering og innføring av detaljinformasjon skjer via eit skjema på Veven. Opne ein vevlesar (helst Explorer) og legg inn adressa http://www.sognefjord.no/registrering.  Du får då opp innloggingsboksen:




Legg inn tildelt brukarid og passord og trykk på Logg inn! Du får då opp følgjande skjermbilete:



# 3. Innføring av detaljinformasjon

Vel Rediger bedriftsinfo! Du får då opp skjemaet:




Boksane for innlegging av informasjon i skjemaet er bestemt av kategoriseringa. Denne er gjort ved registrering av verksemda.

Tekst: Skriv eller lim inn informasjon som tekst i boksane. Den skal vera i ingressform, kortare enn 160 ord. For å fjerna unødvendig formatering som følgjer med kopieringa av ein tekst frå eit Word eller web dokument lim det inn etter først å ha valt Kilde i verktøylinja over tekstboksen. Teksten kan deretter formaterast ved hjelp av verktøya i tekstboksen. Forskjellige språkversjonar kan leggjast inn ved at ein først vel språket i språkmenyen øvst til høgre.

Bilde: For innlegging av bilde vel Browse! Du får då opp dialogboksen.




Viss du har bileta liggande i mappa Mine bilder kan du velja bilete her og trykke Åpne, eller bla deg til mappa som har bilete og velja det derifrå.

**Visning**

I visninga på sognefjord.no blir overnattingsbedriftene først vist fram i ei opplisting:



Når ein vel verksemd får ein opp detajlinformasjon



# 4. Eiga vevteneste

Systemet kan også brukast til å laga ei eiga vevteneste for verksemdene. Informasjonen som skal visast fram i denne blir også lagt inn i Fylkesarkivet sin database. Vel Eiga vevteneste i menyen! Du får då opp menyen i vevtenesta. Den er bestemt av kategoriseringa. Gå gjennom menypunkta og legg inn bilete og tekst.




Kvart menypunkt tilsvarar ei side. Den består av ein ingress lagt inn som

detaljinformasjon og kjem att øvst, samt bilete og teksten som blir lagt inn her.



Nokre av menypunkta har undermenypunkt, som for eksempel Utleigeobjekt i overståande eksempel. Her kan ein liste opp ”overnattingsobjekta”




og gi utfyllande informasjon om dei:




Systemet gir rom for fire språkversjonar norsk (NR), engelsk (EN), fransk (FR) og tysk (DE). Val av språk skjer ved å klikke på ikon øvst til høgre på skjema for innlegging av tekst.

**Visning**
Første sida i vevtenesta er samlinga av ingressar samt bilete som blir lagt inn under detaljinformasjon:




Dei andre sidene har strukturen ingress/bilete/hovudtekst




I dette eksempelet, som gjeld Overnatting, får ein lista opp overnattingsobjekta det er lagt inn omtale av. Menytittelen er namnet lagt inn i systemet. Sida som omtalar eit overnattingsobjekt har same struktur som dei andre sidene




I tillegg til dei gitte temasidene vil vevtenesta  ha ei side for Lokalisering med kart og posisjonering av verksemda på kartet



Amble Gård - Lokalisering - Microsoft Internet Explorer fra Internett Xpress go!
Fil Rediger Vis Favoritter Verktøy Hjelp
Adresse http://eic.vestforsk.no/amblegaard/lokalisering.asp
Gå til
Search Web
Site popups allowed
AutoFill
Options
Amble Gård
Hus til leie
Heim
amblegaard.no
| English
Om
Overnatting
Aktivitetar
Lokalisering
sognefjord.no
ZOOM UT
Skriv ut
N
Helebrandseggi
Olstad
Kaupangerskogen
Kaupanger
Amla
Gråbrøme
Amlatunnelen
Amlaholten
Mannheller
0
2 km
Lokalisering
Amble gaard, 6854 Kaupanger | Tlf. 57678170
http://eic.vestforsk.no/
Internett

## 5. Kategorisering

Kva boksar du får opp for innlegging av bedriftsinformasjon er bestemt av korleis verksemda er kategorisert av redaktøren (reiselivslaget). Denne er gjort i samsvar med tenestetilbodet til verksemda og etter følgjande definisjonar:

***Overnatting***

Hytte:
Pensjonat:
Feriehus:
Camping:
Fjellstove:
Hotell:
Bed & Breakfast:
Vandrarheim:
Gard:

***Servering***

Restaurant:
Kafe:
Pub:
Gatekjøkken:

Sal

Gardsmat:
Butikk:
Kiosk:

***Aktivitet***

Fjordcruise:
Utleige:
Galleri:
Turguidar:
Skisenter:

Attraksjon

Museum:
Opplevingssenter:

Viss du ikkje er einig i kategoriseringa, må du ta dette opp med reiselivslaget.